

REGLAR FOR SMÅVILTJAKT I LANGMORKJE STATSALLMENNING

Nedanfor følgjer eit samandrag av gjeldande reglar for småviltjakt i Langmorkje statsallmenning, som er vedteke av Vågå fjellstyre i medhald av §§ 23 og 25 i Fjellova. Fjellstyret ber jegerane setje seg nøye inn i og følgje reglane som gjeld, slik at unødige overtramp eller lovbrøt ikkje skjer. Reglane er sist korrigert før jaktseasonen 2009.

1. Jaktkort

Jakt og fangst kan berre drivast mot løysing av jaktkort. Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre. Personar under 16 år treng ikkje jaktkort for å drive småviltjakt (opplæringsjakt). Dei under 20 år i Vågå (innanbygdsbuande) får jakte gratis, men må løyse kort.

Gyldig jaktkort og gyldig jegeravgift skal når oppsynet ber om det, kunne framleggjast ved utøving av jakta.

Jaktkort for jakt med hund gjeld også rett til jakt utan hund i den tida og i det jaktområde/ jaktfelt som jaktkort med hund er gyldig. For innanbygds gjeld sesongkort for jakt med hund også som sesongkort for jakt utan hund.

2. Jakttider

Rype

Jakt utan hund, innan- og utanbygdsbuande: 15/9 – ut februar.

Jakt med hund, innanbygdsbuande: 15/9 – 23/12.

Jakt med hund, utanbygdsbuande: 15/9 – 19/9 (35 kort), 20/9-24/9 (35 kort). Søknadsfrist 1. april.

Skogsfugl

All jakt på skogsfugl varer til og med den 23/12, elles gjeld dei same jakttidene som for rype.

Hare

Jakt utan hund, innan- og utanbygdsbuande: 15/9 – ut februar.

Jakt med hund, innanbygdsbuande: 1/10 – ut februar.

Jakt med hund, utanbygdsbuande: 11/10 – 17/10 (25 kort, søknadsfrist 1. april) og 18/10 – 23/12 (fritt kortsal).

Andre arter

Det kan bli jakta på dei artene som det i forskrifter frå Direktoratet for naturforvaltning er gjeve løyve til å jakte på i distriktet. For alle desse artene er tidlegaste jaktstart den 15/9. Jakt på rev og kråke kan starte 15. juli, jakt på mink kan foregå heile året. Jakt på røyskatt og mår kan skje til og med 15. mars, kråke til og med 31. mars, og rev til og med 15. april. Innanbygds kan også drive fangst, sjå pkt. 5.

3. Jaktområde

For jegerar med hund er statsallmenninga inndelt i tre felt (A, B og C). Feltinndelinga gjeld ikkje for innanbygds jegerar, utanbygds jegerar med harehund etter 18/10, og utanbygds jegerar utan hund. Grensene mellom dei ulike feltene er avmerkt på jakt- og fiskekartet.

4. Bruk av hund

Jaktkort for jakt med hund gjeld bruk av ein hund. Etter samtykke frå fjellstyret ved fjelloppsynet kan det samtidig nyttast ein unghund for opplæring. Alle som deltek i jakt med hund, må ha jaktkort for jakt med hund.

5. Fangst

Fellefangst er lov berre for innanbygdsbuande, og i den tida og etter dei forskriftene Direktoratet for naturforvaltning har fastsett. Småviltjaktkortet gjeld også for fangst. Snarefangst av rype er ikkje lov.

6. Jaktrapport

Jaktrapport (fangststatistikk) frå jegerane er eit viktig hjelpemiddel i forvaltninga av småviltressursane. Legg difor vekt på å få desse så korrekte som råd. Riktige opplysningar er nødvendige for best mogleg å kunne analysere forholda, og på dette grunnlag gje jegerane eit godt jakttilbod.

7. Anna

Fjellstyret sitt jakt- og fiskekart som m.a. viser feltinndeling, er lagt ut for sal på alle kortsalstadene. Kartet er i målestokk 1:100.000.

Ved jaktstart går det ennå att beitedyr i utmarka og statsallmenninga er beiteområde for tamrein. Vis omsyn til dette under jakta slik at unødige konflikter ikkje oppstår.

Vis elles omsyn til andre jegerar og anna jaktutøving, og til andre former for fritidsutøving. Bruk naturvett og ta med deg tomhylser og anna søppel.

Ytterlegare opplysningar kan du få ved å kontakte fjelloppsynet, tlf. 61293737 (kontor) eller 90966277/90739335 (mobil). Vi viser også til fjellstyret si heimeside: www.vaga-fjellstyre.no